



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Vi tilrår vern av Stad som marint verneområde

Statsforvaltaren i Vestland sender med dette over vår tilråding av Stad som marint verneområde. I vedlagt dokument ligg oppsummeringa av innkomne innspel til høyringa, våre kommentarar og tilrådd verneforskrift og kart.

Vi har opplevd eit stort lokalt engasjement i arbeidet med Stad marine verneområde. Det er blant anna kome innspel om å gjere verneområdet større enn det mandatet frå rådgevande utval for marint vern i Norge legg opp til. I tillegg har vi fått innspel som tek til orde for eit sterkare vern aust for Stålet. Vi omtaler dette nærare på side to i dette brevet.

Saksgang

Arbeidet er gjennomført etter oppdragsbrev frå Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet av 18. april 2017, som gav Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i oppdrag å gjennomføre ein verneplanprosess for Stad som marint verneområde. I eit brev av 3. november 2017 sende vi oppstartmelding for arbeidet med marint vern for Stad. Vi hadde møte med Selje kommune 6. desember 2017, og eit ope møte på Leikanger i Selje kommune om kvelden same dag. Vi hadde møte med Selje kommune og Fiskeridirektoratet den 4. juni 2019. På møtet vart møtedeltakarane samde om å halde ei synfaring med lokale representantar, fiskenæringa og taretrålnæringa. Synfaringa vart halden 11. september 2019. Vi hadde møte med representantar frå Stad kommune den 3. juni 2021. Då vi oppdaga verdifullt naturmangfald i djupet i Sildegapet inn i Kinn kommune oppretta vi dialog med Kinn. Vi hadde møte med leiinga i Kinn kommune den 14. september 2021 og med plan- miljø og næringsutvalet den 18. oktober same haust. Møte med Stad kommune hadde vi den 3. juni 2021 om status og framdrift før høyringa. Vi har utvida arealet to gonger, frå 114 km² i oppstartsmeldinga til 166,7 km² i høyringa.

Verneforslaget vart sendt ut på høyring den 9. februar 2022 med opphavleg høyringsfrist 15. april 2022, sjå vedlegg. Vi utvida høyringsfristen til 12. mai 2022 etter innspel frå Stad kommune. I samband med høyringa inviterte vi, i samarbeid med kommunen, til ope møte den 30. mars 2022. Dagen etter orienterte vi om høyringa til Stad kommunestyre.



Det kom inn totalt 20 ulike innspelsdokument til høyringa. Alle innkomne innspel til høyringa ligg på våre heimesider.

Sterkt engasjement mot taretråling

Vi tilrår forbod mot taretråling i det marine verneområdet vest for Stålet og ned mot Liset, men tilrår å opne for taretråling i samsvar med det marin verneplan frå 2003/04 foreslår, aust for Stålet og ned mot naturreservatet Tungevågen. Vi ser at det er eit stort lokalt engasjement mot taretråling også aust for Stålet. Stad kommune er tydelege i sine innspel om å også beskytte tareskogen mot tråling aust for Stålet fordi det er eit viktig oppvekstområde for fisk og fordi lokalbefolkninga erfarer negative effektar av taretrålingsaktiviteten.

Vi ser verdien av å ha eit marint verneområde heilt utan taretråling og vern av naturmangfaldet på sjøbotn. Kandidatområdet er likevel utvida med 46 % sidan oppstarten, og vi har såleis bandlagt store areal frå tarehausting. Med eit haustingsområde innanfor det marine verneområdet kan vi overvake og skaffe meir kunnskap om korleis haustinga påverkar botn og økosystemet. Med ein vernestatus vil vi lettare kunne framskaffe slike overvakingsdata. Vi prioriterer å verne områda i sør grunna nasjonale verneverdiar med stortareskog og korallrev.

Det er sjeldan lokale stemmer ønskjer større og sterkare vern. Dersom Miljødirektoratet vurderer det best med ei ny, avgrensa høyring av eventuelle restriksjonar mot taretråling aust for Stålet, vil vi kunne leggje til rette for det.

Statsforvaltaren si tilråding

Vi tilrår vern av Stad som marint verneområde. Vi tilrår arealet og avgrensinga som låg til grunn for høyringa. I verneforskrifta tilrår vi nokre mindre endringar. Den 26. september 2022 hadde vi eit møte med Stad kommune der vi orienterte om vårt framlegg til tilråding.

Alle som har uttalt seg til høyringa får kopi av dette brevet. Vi legg alt tilgjengeleg, også alle innkomne innspel, på våre heimesider, følg lenka til [Statsforvaltaren i Vestland - Miljø og klima - Verneområde](#).

Med helsing

Eline Orheim
fung. miljødirektør

Stein Byrkjeland
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Tilråding av Stad marine verneområde, med verneforskrift og kart



Kopi til:

Betty Hessevik på vegner av
grunneigarar

Møre og Romsdal fylkeskommune

Julsundvegen 9

6404 MOLDE

Hoddevik grunneigarlag v/Terje
Hoddevik

Kjetil F Drange

Betty Hessevik

Norges vassdrags- og energidirektorat
- NVE

Postboks 5091
Majorstua

0301 OSLO

STIFTELSEN BERGENS
SJØFARTSMUSEUM

Postboks 7800

5020 BERGEN

RIKSANTIKVAREN

Postboks 1483 Vika

0116 OSLO

Klima- og miljødepartementet

Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Fiskeridirektoratet

Postboks 185
Sentrum

5804 BERGEN

ELTVIK VELFORENING c/o Øyvind
Kristian Hansen

Eikhaugen 8B

5262 ARNATVEIT

Kystverket

Postboks 1502

6025 ÅLESUND

Statens vegvesen

Postboks 1010
Nordre Ål

2605 LILLEHAMMER

Oljedirektoratet

Postboks 600

4003 STAVANGER

RÅDGIVENDE BIOLOGER AS

Edvard Griegs vei 3

5059 BERGEN

Stad kommune

Rådhusvegen 11

6770 NORDFJORDEID

LINJA AS

Sørstrandsvegen 227

6823 SANDANE

Dag Austring

Seljevegen 2780

6740 SELJE

DUPONT NUTRITION NORGE AS AVD
VORMEDAL

Postboks 2045

5504 HAUGESUND

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Postboks 3021 Lade

7441 TRONDHEIM

Hoddevik velforening v/Terje
Hoddevik

NORDFJORD FISKARLAG

Ytre Kulen

6718 DEKNEPOLLEN

Torstein Fure

SANDE KOMMUNE

Rønnebergplassen
17

6084 LARSNES

Mattilsynet

Postboks 383

2381 BRUMUNDDAL

Kinn kommune

postboks 294

6701 MÅLØY